



---

**Reguleringsplan for:**

**" FINNSVÅGEN BÅTHAVN"**

Oppdragsgiver/utbyggjar

**Austrheimvågen Båtforening**

v/

Magnus Vårbakken  
Norvald Rikstad  
Eivind Langøy  
5130 Austrheim

Planarbeidet er utført av:

**ADU Ingeniør Atle D. Utkilen**  
Søråshøgda 70, 5041 Nordås

v/Atle Utkilen

Bergen, 25.januar 1996

**Revisjoner:**

**Kommunal handsaming:**

- 1.gongs handsaming Nærings- og miljø- komiteen 25.1.96, sak nr NMK02596

## INNLEIING

### Orientering

Austrheimvågen Båtforening har tatt initiativ til å byggja båthavn i Finnsvågen for å dekkja behovet for båtplasser, særleg i Austrheimområdet.

I Kommuneplanen - arealdel for Austrheimområdet er det avsatt plass til småbåthavn i det aktuelle området. Planer om båthavn er derfor i hovedsak i samsvar med kommuneplanen.

Området som er avsatt i kommuneplanen ligg også i Finnsvågen, men noko lenger ute i vågen. Dette området er ein del utsatt for vær og vind. Utbyggjarane har derfor kome fram til at det vil vera vesentleg bedre å flytta heile båthavna inn i nordre del av Finnsvågen, slik den framlagte planen no syner.

Skal ein kunne nytta vågen til båthavn, må ein del av området mudrast ut (-2,80 meter). Dette er tenkt utført ved at deler av massane vert plassert inne i vågen og brukt som underlag for oppstilling/ parkeringsplasser. Resterende masser vert ført ut på Ausrheimvågen.

Det er planlagt bryggeplass til 47 båter.

### Planarbeidet

Planarbeidet er utført av firma:

**ADU Ingeniør Atle D. Utkilen,**  
Søråshøgda 70, 5041 Nordås

i nært sammarbeid med utbyggjar.

### Planføresetnader

Båthavna ligg i nordre del av Finnsvågen. Den grenser i vest mot gnr 156 bnr 16 og 103. I nord ligg deler av området på kommunal grunn. I aust grenser den mot gnr 156 bnr 144. Rundt vågen er det 3 naust samt nokre båtfester som det må takast omsyn til i planen.

Det aktuelle området er etter arealdelen til kommuneplanen av 13/5-92 avsatt til LNF-område sone II. I området er det forutsatt bygging av småbåthavn.

Heile området som er planlagt til kai og oppstillingsplasser, ligg ute i sjølve vågen/sjøen. Oppbygging av området vert utført med tilførte masser samt ein del muddermasser dersom desse kan nyttast.

### Naturtilhøve

Arealet innanfor planen er i hovedsak grunnlent. Skog og lyngkledd areal delvis med fjell i dagen.

Planen medfører kun mindre inngrep i eksistrende terreng.

## **UTBYGGINGSFØREMÅL (tbl § 25)**

### **BESKRIVELSE AV FØREMÅLA I DEI ULIKE OMRÅDA**

#### **Føremål**

Føremålet med reguleringa er å få tilrettelagt båthavn i Finnsvågen. Heile området er regulert til spesialområde (båthavn) og fellesareal.

#### **Offentlig trafikkområde**

Området får tilknytning til riksveg 568 via eksisterende avkjørsel til Træssbakken. Nærmore detaljer vedr utforming o.l. må avklarast med Statens Vegvesen.

#### **6 Spesialområde (båthavn)**

##### **6.1 Kai, parkering/oppstilling båter**

Innerst i vågen vert det fylt opp eit område på ca 2100 m<sup>2</sup>. Her skal det byggjast kai med båtopptrekk. Deler av området skal nyttast til parkeringsplasser for biler om sommaren og til oppstillingsplasser for båter om vinteren. Klubbhus for båtforeningen skal også byggjast på området.

##### **6.2 Badeplass**

I tilknytning til sjølve båthavna ligg det godt til rette for ein mindre badeplass. Det er derfor avsatt området for badeplass ved kaiområdet.

##### **6.3 Trafikkområde sjø**

For å sikra fri båtferdsel inn og ut av båthavna, er det i planen merka ei trafikksone i heile vågen.

##### **6.4 Gangveg til flytebrygger**

Frå kaiområdet og ut til flytebryggjene vert det bygd gangveg av tre langs strandlinja mot Tressbakken.

#### **Fellesarealområde**

##### **7.1 Felles avkjørsel**

Fra avkjørsel fra riksveg vert det lagt felles veg fram til båthavna.

##### **7.2 Naturområde**

Omfatter alle områder som grenser mot båthavna og vågen. I desse områda er det ikkje forutsatt at reguleringsplanen skal medføra endra bruk. På austsida av vågen ligg det i dag 3 stk naust som er i bruk.

## **REGULERINGSFØRESEGN (tbl §26)**

### **§1 FØRESEGN**

Føresegne gjeld for området som er avgrensa med plangrense.

Området vert nytta til spesialområde (båthavn) og fellesområde.

### **§6 SPESIALOMRÅDE (båthavn)**

#### Kai, parkering/oppstilling båter

Plannert område skal ligge ca på kote +1,75 meter.

#### Klubbhus

Det vert tillede å bygge klubbhus med inntill .....m<sup>2</sup> bruksareal (BRA).

Huset kan oppførast i maks .....etasje.

Takvinkel skal vera mellom 27 - 45 grader-

#### Badeplass

Alle har rett til å nytta badeplassen. Personer som ikkje rettar seg etter regler for området, kan visast bort.

#### Trafikkområde sjø

Trafikkområdet skal alltid vera open for fri ferdsl på sjøen. Det vert ikkje tillatt å ankre opp eller å etablere båtfester i trafikkområde. All ferdsl i området skal foregå med sakte fart og det må spesielt takast hensyn til dei som bader.

#### Sjøområde

Bunndybde i båthavna samt trafikkområdet skal ligge på kote -2,80 meter under middelvannstand der dette er mogeleg. Utmudring mot eksisterande naust skal kun utførast etter avtale med nausteiere. Bunndybde skal haldast vedlike.

### **§7 FELLESOMRÅDE**

#### **7.1 Felles avkjørsel**

Felles avkjørsel skal utformast som vist i planen med vegbredde 3,5 meter + bankett og vegggrøft fram til kaiområde.

#### **7.2 Vekkledning av vatn frå bekk**

Eksistrende bekk skal i nødvendig grad leggjast i rør og sikrast utløp i vågen.

**7.3 Naturområde skal bevarast og haldast i hevd slik området vert nytta idag.**

Bergen, 25. januar 1996

  
Atle D. Utkilen